Avdrag på utlån - sosiale utlån	58 657,00	Utlån - andre utlån	1 400 000,00
Avdrag på utlån - andre utlån	1 178 162,66	Avdrag på eksisterende lån	5 617 482,00
Avskrivning på utlån - sosiale utlån	900,00	Aktivert egenkapitalinnskudd KLP	439 140,00
Avskrivning på utlån - andre utlån	0,00	Endring pensjonsforpliktelser (vedtakssjøn)	
Bruk av lånebidrag	5 930 102,60	Endring pensjonsmidler SPK	1 743 055,00
Endring pensjonsforpliktelser økning	11 382 095,44	Endring pensjonsmidler KLP	14 161 810,00
Endring pensjonsmidler SPK		Endring pensjonsmidler andre selskap	
Endring pensjonsmidler KLP		Urealisert kursgevinst utenlån	
Endring pensjonsmidler andre selskap			
Urealisert kursgevinnet utenlån			
31.12 2015 Balanse (kapital)	100 295 248,03		
	126 893 515,93		126 893 515,93

Masfjordnes, 13.02.2016/11.04.2016


Svein Helge Hofslundsen
-rådmann-


Kristian Moen
-økonomileiar-

Note nr. 11 : Sjølvkostområder

Kalulatorisk rente (5-årig swaprente + 0,5 prosentpoeng)	1,94 %				
Sjølvkostområde	Vatn	Avlaup	Feiing	Oppmåling	Byggjesak
A. Direkte driftskostnader	994 252	867 777	793 577	928 473	905 301
B. Henførbare indirekte driftskostnader	129 351	129 351	86 261	47 799	53 293
C. Kalkulatoriske rentekostnader	270 334	43 269		1 619	
D. Kalkulatoriske avskrivinger	1 266 670	66 530		23 838	
E. Andre inntekter og kostnader	-471 824		-543 785	-47 650	-45 908
F. Gebyrgrunnlag (A+B+C+D-C)	2 188 783	1 106 928	336 053	954 078	912 686
G. Gebyrinntekter	2 387 906	1 203 487	334 021	571 957	419 650
H. Årets selvkostresultat (G-F)	199 123	96 559	-2 032	-382 121	-493 036
I. Avsetning til selvkostfond og dekning av fremført underskot	199 123	96 559			
J. Bruk av selvkostfond og framføring av underskudd			2 032	382 121	493 036
K. Kontrollsum (subsidierring) (H-I+J)	0	0	0	0	0
L. Saldo selvkostfond 1.1 i rapporteringsåret	-17 420 607	284 897	-530 505	-4 961 479	-1 623 376
M. Alternativkostnad ved bunden kapital på selvkostfond eller framføring av underskot	-337 960	5 527	-10 292	-96 253	-31 493
N. Saldo selvkostfond per 31.12 i regnskapsåret (L+M+I-J)	-17 559 444	386 982	-542 828	-5 439 853	-2 147 906
Årets dekningsgrad	109,10 %	108,72 %	99,40 %	59,95 %	45,98 %
Utvikling sjølvkostfond	Vatn	Avlaup	Feiing	Oppmåling	Byggjesak
Saldo fond 31/12 2002		-332 851			
Saldo fond 31/12 2003		-361 775			
Saldo fond 31/12 2004	-6 454 268	-214 943			
Saldo fond 31/12 2005	-8 154 993	-359 295	-57 795		
Saldo fond 31/12 2006	-9 774 535	-476 613	-114 098	-341 518	-106 099
Saldo fond 31/12 2007	-11 335 663	-542 958	-222 302	-437 022	-129 276
Saldo fond 31/12 2008	-13 055 028	-484 368	-289 152	-794 678	-382 964
Saldo fond 31/12 2009	-14 310 249	-510 621	-320 179	-1 312 050	-585 284
Saldo fond 31/12 2010	-15 431 835	-516 756	-380 471	-2 257 253	-589 248
Saldo fond 31/12 2011	-15 926 827	-299 546	-377 122	-3 015 989	-848 248
Saldo fond 31/12 2012	-16 356 850	-104 869	-471 721	-3 451 468	-1 121 868
Saldo fond 31/12 2013	-16 807 489	108 600	-510 097	-4 348 076	-1 186 046
Saldo fond 31/12 2014	-17 420 607	284 897	-530 505	-4 961 479	-1 623 376
Saldo fond 31/12 2015	-17 559 442	386 982	-542 828	-5 439 853	-2 147 906

Note nr. 12 : Interkommunale samarbeid

Regnskap for interkommunale samarbeid etter kommuneloven (kompl) § 27 skal inngå i årsregnskapet til den kommunen hvor samarbeidet har sitt hovedkontor. Årsregnskapet omfatter regnskap for slike samarbeid jf. regnskapsforskriften § 12 nr. 3, og utgjør følgende beløp :

	Gulen og Masfjorden brann og redning	Feietenesta Modalen, Masfjorden, Gulen og Solund
Interkommunalt tiltak jf. kompl § 27		
Overføring fra Masfjorden kommune (kontorkommunen)	kr 1 669 382	kr 250 121
Overføring fra Gulen kommune	kr 2 287 562	kr 342 743
Overføring fra Modalen kommune		kr 55 485
Overføring fra Solund kommune		kr 117 428
Resultat av overføringer	kr 3 956 944	kr 765 777
Samarbeidets egne inntekter	kr 132 853	kr -
Samarbeidets driftsutgifter	kr 4 089 797	kr 765 777
Resultat av virksomheten	kr -	kr -
Disponering av resultatet:		
Tilbakeført deltaker kommunene	kr -	kr -
Overført til neste driftsår	kr -	kr -
Udekket underskudd	kr -	kr -

Note nr. 13 : Udekkede investeringar 31.12.2015

Prosjekt	IB udekkede investeringar 31.12.2015	Dekking av tidlegar års udekkede 2015	Udekkede investeringar 2015	UB udekkede investeringar 31.12.2015
Utleigebustad Sandnes	819 880,50	189 697,45		630 183,05
Matre symjebasseng	384 669,31			384 669,31
Idrettsanlegg	168 597,00			168 597,00
Avdrag eksterne lån	734 199,36	449 406,63		284 792,73
Kalking vassdrag	292 273,00			292 273,00
IKT 2013	118 197,05	118 197,05		0,00
Sandnes barnehage vognskur	10 239,20	10 239,20		0,00
Matre skule utbetring	7 350,40	7 350,40		0,00
Masfjorden sjukeheim	36 472,50	36 472,50		0,00
Brann 2013	432 530,40	432 530,40		0,00
Sleire skulemuseum	9 654,00	9 654,00		0,00
Ballbinge Andvik	218 800,00	218 800,00		0,00
	3 232 862,72	1 472 347,63	0,00	1 760 515,09

Ved disponering av overskot i 2013 vart det sett av kr. 939 475,73 til dekking av udekkede investeringar. Dette vert ført i reknskapen for 2015.

3. ANALYSE AV REKNESKAPEN 2015

3.1 Investeringsrekneskapen 2015

Masfjorden kommune sitt investeringsrekneskap for 2015 har finansieringsbehov på kr 9 294 403. I denne summen er det investeringar i anleggsmidlar på kr 9 862 095 og finansieringstransaksjonar på kr 7 529 591. Det er ført inntekter i investeringsrekneskapen på kr 8 097 282.

Vedteke budsjett for 2015 hadde ei investeringsramme på anlegg på kr 5 900 000. I opphavelg investeringsbudsjett var utbetring av ventilasjonsanlegg på Sandnes skule det einaste prosjektet som var planlagt. Etter endringar i prosjektet og innhenting av nytt anbod var kostnadane til prosjektet stipulert til kr 2 900 000, og resterande investeringsmidlar fordelt til andre prosjekt. Viser til justert budsjett i rekneskapsskjema 2B for oversyn.

Samla finansiering av investeringane er kr 9 294 403, som fører til balanse i investeringsrekneskapen.

3.1.1 Inntekter i investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opph. Budsjett 2015
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	180 000		
Andre salsinntekter			
Overføringar med krav til motytelse	6 806 154		
Kompensasjon for meirverdiavgift	1 111 129	1 000 000	1 000 000
Statlege overføringa			
Andre overføringa			
Renteinntekter			
Sum inntekter	8 097 282	1 000 000	1 000 000

Sal av driftsmidlar gjeld sal av bustadtomtar.

Overføring med krav til motyting inneheld postane

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, breibandsutbygging	3 500 000
Gulen kommune, Vatn til Gulen	696 679
Matre idrettsbane, IL Bjørn West og Masfjord Fotball	2 609 474

3.1.2 Utgifter i investeringsrekneskapen og investeringsprosjekt

	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opph. Budsjett 2015
Lønsutgifter	12 890		
Sosiale utgifter	1 258		
Varer og tenester i kommunal eigenprod.	8 631 097	4 900 000	4 900 000
Kjøp av tenester som erstattar eigenprod.	105 721		
Overføringa	1 111 129	1 000 000	1 000 000
Renteutgifter og omkostningar			
Sum utgifter	9 862 095	5 900 000	5 900 000

Investeringar i anleggsmidlar er slik spesifisert i rekneskapen for 2014

Investeringsprosjekt	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Opphavelg budsjett 2014
Mobilutbygging	1 086 750	1 100 000	
Barnehage Nordbygda – ombygging skulen	187 484	110 000	
Skule Matre – Ventilasjon	3 598		
Skule Sandnes - ventilasjon	3 136 923	2 900 000	5 900 000

Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	123 284	110 000	
Kommunale bygg	399 948	400 000	
Bustadfelt - tilrettelegging	60 000		
Kommunale vegar	562 500	400 000	
Vassforsyning	29 150	50 000	
Matre Vassverk – vatn til Gulen	673 871		
Matre idrettsbane	3 598 587	830 000	
Sumering investering i anleggsmidler	9 862 095	5 900 000	5 900 000

Mobilutbygging gjeld anleggsbidrag til Telenor for utbygging av mobilnett.

Nordbygda barnehage har tatt i bruk lokalar på Nordbygda skule, og har fått tilpassa lokalar til sitt bruk

Ventilasjonsanlegget på Sandnes er utbetra. Opphavelag hadde prosjektet ei kostnadsramme på 5,9 mill. kr. Etter justeringar i av prosjektet ble kostnaden sett til 2,9 mill. kr.

Det er starta forprosjekt på bustad for eldre og funksjonshemma på Hosteland. Kostnadane her gjeld arkitektarbeid.

På kommunale bygg i 2015 er det utbetra tak på Matre skule. Kommunal bustad på Stien er og bygd om for tilrettelegging for busetting av flykningar. Kostnaden ved ombygging av bustaden er dekt med overføring frå driftsrekneskapen, og det er nytta midlar frå tilskot til flykningar.

På kommunale vegar er det gjennomført prosjektering på utbetring av Kettland bru. I tillegg er det tilbakebetalt forskotteering av kommunal veg til Stordalen Fjellstove.

På vatn er det gjennomført nødvendig utbetring på anlegg . Disse utgiftene er ført på sjølvkostområda, og skal i utgangspunktet dekkast inn gjennom kommunale avgifter.

Det er og ført kostnader på prosjektet «Vatn til Gulen». Kostnader her skal etter avtale fakturerast til Gulen.

Matre idrettsbane er oppgradert i 2015. Prosjektet er i samarbeid med IL Bjørn West, Masfjord Fotball og Masfjorden kommune. Prosjektet skal delfinansierast med overføringar frå partane og tippemidler.

3.1.3 Finansutgifter


	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Opphavelag budsjett 2015
Avdragsutgifter	538 103		
Utlån	1 400 000	2 500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	439 140	440 000	250 000
Dekning av tidl.års udekka	1 472 348		
Avsetjing fond	180 000		
Avsetninger til bundne investeringsfond	3 500 000		
Sum finanstransaksjoner	7 529 591	2 940 000	750 000

Avdragsutgifter er kommunen sine avdrag til Husbanken på lån til vidareutlån (Startlån).

Utlån gjeld vidareutlån av innlån frå Husbanken..

Dekking av tidlegare års udekka investeringar er kr 1 472 348. Ved disponering av mindreforbruk i 2013 var det sett av kr 939 475,73 til dekking av ikkje finansierte investeringar. I tillegg er ikkje nytta lånemidler av innlån i 2015 nytta til ikkje finansierte investeringar frå tidlegare år.

Kjøp av aksjar og andelar er eigenkapitalstilskot til KLP. Avsetjing til fond gjeld sal av tomt.



Utvikling investering i anlegg og finansutgifter 1991 – 2015

3.1.4 Finansiering av investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Opphavelg budsjett 2015
Bruk av lån	5 930 103	6 500 000	4 500 000
Sal av aksjar og andelar			
Mottekne avdrag på utlån	987 510		
Overføring frå driftsrekneskapen	38 175		
Bruk av tidl. års udisponert			
Bruk av disposisjonsfond	1 839 476	900 000	900 000
Bruk av bundne driftsfond			
Bruk av ubundne investeringsfond	499 140	440 000	250 000
Bruk av bundne investeringsfond			
Sum finansiering	9 294 403	7 840 000	5 650 000

Bruk av eksterne lån til finansiering av investeringsrekneskapen er kr 5 930 103. Eksterne lån er slik fordelt i finansieringa

Kommunale anlegg generelle	kr 4 500 953
Kommunale anlegg VAR	kr 29 150
Finansiering Startlån	kr 1 400 000

Motteke avdrag på utlån gjeld avdrag på Startlån.

Det er i investeringsrekneskapen brukt disposisjonsfond på følgjande investeringsprosjekt

Sandnes skule – ventilasjon	kr 900 000
Tidlegare års udekka	kr 939 476


Bruk av ubundne investeringsfond gjeld eigenkapitaltilskot til KLP.

3.1.5 Udekka i investeringsrekneskapen

Når investeringar ikkje har tilstrekkeleg finansiering eller finansiering kjem i etterkant, vert desse ført på post for udekka i investeringsrekneskapen. Sjå note 14 for oversyn over udekka investeringar pr. 31.12.2015.

Fordeling inntekter og finansiering

- Bruk av lån
- Avdrag på lån
- Overført frå drift
- Bruk av bundne fond
- Bruk av disp. fond
- Mva. komp
- Sal av eigeedom
- Andre inntekter



3.2 Driftsrekneskapen 2015


3.2.1 Utvikling 2008 – 2015

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2014	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008
Skatt	79 058	75 101	73 304	69 965	63 681	65 660	63 329	59 261
Rammetilskot	62 036	61 402	56 911	55 657	50 624	38 473	36 083	34 583
Andre driftsinntekter	67 179	57 040	54 086	50 810	52 397	53 794	54 337	48 124
Sum driftsinntekter	208 273	193 543	184 301	176 432	166 702	157 927	153 749	141 968
- Driftsutgifter	209 363	196 081	183 043	172 989	163 678	153 193	143 324	134 239
Brutto driftsresultat	-1 090	-2 538	1 258	3 443	3 024	4 734	10 425	7 729
+ Eksterne finansinntekter	2 235	3 573	4 839	3 377	2 577	3 217	5 498	3 304
- Eksterne finansutgifter	1 398	1 636	1 796	1 997	3 361	1 788	1 992	4 110
- Netto avdrag	5 094	5 020	4 731	3 461	3 882	3 744	3 984	3 578
+ Motpost avskrivning	7 908	7 664	7 904	7 799	7 167	7 560	6 978	6 263
Netto driftsresultat	2 561	2 043	7 474	9 161	5 525	9 979	16 925	9 608
Overført til investering	38		1 559	1 781	3 089	4 662	5 301	5 778
Bruk av akk. overskot	1 280	5 144	5 984	998	2 934	1 910	1 508	2 281
Bruk av fond m.m.	5 627	3 520	3 312	3 397	2 163	2 170	3 622	4 281
Avsetjing til fond	6 439	9 427	10 066	5 792	6 535	6 464	13 336	8 884
Rekneskapsresultat	2 991	1 280	5 145	5 983	998	2 933	3 418	1 508
Netto driftsresultat/driftsinntekt	1,23 %	1,06 %	4,06 %	5,19 %	3,31 %	6,32 %	11,01 %	6,77 %
Auke driftsinntekter	7,61 %	5,01 %	4,46 %	5,84 %	5,56 %	2,72 %	8,30 %	
Auke driftsutgifter	6,77 %	7,12 %	5,81 %	5,69 %	6,84 %	6,89 %	6,77 %	


Driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 2,9910 mill. kr for 2015.

Netto driftsresultat utgjer kr 2 561, som utgjer 1,23 % av sum driftsinntekter. Det er anbefalt at netto driftsresultat i forhold til driftsinntekta bør vera om lag 1,7 % for å leggje seg opp reserver til dårlegare tider.

Driftsutgiftane aukar med 6,77% i høve til førre år. Av dette aukar løn og sosiale sosiale utgifter med 6,53%, og andre driftsutgifter med 7,31%. Driftsinntektane aukar i same periode med 7,61%.



Brutto og netto driftsresultat i perioden 2007 – 2015 vist ei negativ utvikling. I 2015 er det eit negativt brutto driftsresultat, men korrigert for netto finanspostar kjem Masfjorden ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk. Dette er ei utvikling som ikkje er ønskjeleg i åra framover, og driftsnivået i kommunen må vurderast med tanke på å redusere kostnader, eventueltt auke inntekter.



3.2.2 Kommenterar til rekneskapskjema 1A

Frie disponible inntekter

Frie disponible inntekter er skatteinntekter, rammetilskot, eigedomsskatt, andre direkte og indirekte skattar og andre generelle statstilskot. I 2015 utgjorde frie disponible inntekter 146 mill. kr, som er ei auke på 4,3 % frå 2014.

Skatteinntektene var opprinneleg budsjettert med 50,3 mill. kr, men ble etter oppdaterte tal justert opp til 51,4 mill kr. I grunnlag for skatteanslaget for 2015 ligg både skatt på inntekt og formue samt naturressursskatt. I veileder for KOSTRA rapportering er det presisert at naturressursskatten skal framgå på eigen konto. I rekneskapa for 2015 er dette gjennomført, slik at skatt på inntekt og formue utgjer 40,8 mill. kr, og naturressursskatt 11,1 mill kr. Naturressursskatten vert i rekneskapskjema ført under andre direkte og indirekte skattar. Totalt utgjer skatt på inntekt og formue og naturressursskatt 52 mill kr.

Rammetilskotet var opprinneleg budsjettert med 63,3 mill. kr, men redusert til 62,2 mill. kr. Samla inntekt på skatt og rammetilskot var budsjettert med 113,5 mill. kr, og rekneskapsstala viser ei inntekt på 114,0 mill. kr.

Eigedomsskatt er om lag på same nivå som i 2014.

Andre direkte og indirekte skattar gjeld konsesjonsavgift og som tidlegare nemnt naturressursskatt. Konsesjonsavgift er på same nivå som 2014, og om lag 0,5 mill. kr over budsjett.

Andre generelle statstilskot gjeld rentekompensasjon for skular, omsorgsbustadar og kyrkjebygg, bustadtilskot og integreringstilskot for flykningar. Integreringstilskotet utgjer 2,36 mill kr.

Finansinntekter og -utgifter

Rentenivået i marknaden er lågt, og renteinntekter og utbytte lågare enn sist år. Utbytte frå BKK er om lag kr 400 000 lågare enn 2015. Ikkje realisert gevinst på finansielle plasseringar er 1,150 mill. kr. Eit fond har og gått

med tap i 2015, og er rekneskapsført med kr 12 815. Med bakgrunn i usikkerhet knytt til disse plasseringane er desse ikkje budsjettert.

Med bakgrunn i finansreglement har Masfjorden kommune ikkje teke opp meir lån til investeringar enn det som vi betaler i avdrag i året. Lån til investeringar vart ikkje utbetalt før på slutten av året. Renteutgiftane er lågare enn i 2014, og ligg om lag 0,4 mill. kr under budsjettert. Med bakgrunn i berekning av minimumsavdrag på innlån, sjå note 7, kunne vi betalt avdrag med 2,685 mill. kr. Her kunne vi betra rekneskapsresultatet med nokre millionar, men da har dette blitt ein utgift som vi hadde får i seinare år.

Avsetjingar og bruk av fond

Avsetjing til bundne fond gjeld disponering av rekneskapsresultat i 2014, samt avsetjingar til kapitalfondet. Det er og sett av 1 mill. kr til Bru over Masfjorden. Avsetjing til bundne fond gjeld ikkje nytta statstilskot til heimebuande demente, avlaupsfond samt opplæringsmidlar på legekantoret.

Bruk av ubundne avsetjningar gjeld overføring til driftsrekneskapan frå kraftfondet og tilskot til førerkort for ungdom i Masfjorden kommune. Det er og sett av 1 mill. kr. til ferjefri kryssing av Masfjorden. Bruk av bundne avsetjningar gjeld innteksføring av øremerka midlar vi har motteke tidlegare år, der utgiften er ført i 2015.

Fordelt til drift

Rekneskapan for 2015 viser kr 141 996 519 til fordeling til drift. Med eit utgift i driftsrekneskapan på kr 138 975 802, vert dette eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 717.

3.2.3 Kommenterar til rekneskapskjema 1B

Rekneskapskjema 1B 2015				
	Rekneskap 2015	Just. Budsjett 2015	Opph. Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Fordelt til;				
Folkevalte organ:	2 352 397	2 301 500	2 281 500	2 184 202
Administrasjon:	14 122 125	13 742 800	14 308 800	16 420 329
Barnehage:	14 772 622	15 217 900	15 391 900	14 820 260
Skule:	39 603 043	38 476 000	38 822 500	38 511 948
Helse:	10 006 982	9 751 060	9 851 060	12 077 769
Sosial- og barnevern:	5 335 783	5 718 500	5 778 500	5 518 076
Pleie- og omsorg	44 127 661	45 495 550	45 795 550	42 178 467
Kultur:	6 016 908	5 899 000	5 955 500	5 914 323
Kyrkja:	3 822 824	3 556 700	3 556 700	3 452 505
Teknisk: Andre tenesteområdet:	8 075 828 -9 260 369	6 051 700 -11 582 510	6 226 700 -10 212 510	8 945 671 -14 301 834
Sum til fordeling 1A	139 975 802	134 628 200	137 756 200	135 721 716

Folkevalte organ: Budsjettmessig meirforbruk på kr 50 897.

Administrasjon: Budsjettmessig meirforbruk på kr 379 324. Omorganisering og sjukefråvær utan å tilsette sjukevikar har ført til reduserte kostnader på området frå 2014.

Barnehage: Budsjettmessig mindreforbruk på kr 445 277. .

Skule: Rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 127 042. Mindre avvik på skulane. Etter omlegging av reinhald i 2015, til reinhaldsområde Sør, Nord og Indre, er nok budsjettet sett for lågt for skulebygg. Totalt går tenestane for lokaler til skulane med eit meirforbruk på om lag kr 700 000. Utgifter til vaksenopplæring som gjeld både innvandrarar og flykningar har eit meirforbruk på kr 148 000. Skuleskyss har eit meirforbruk på kr 400 000.

Helse: Rekneskapsmessig meirforbruk på kr 255 922. På rammeområdet er det ført avrekning 2014 for kommunal medfinansiering, samhandlingsreformen, kr 125 799. Det er og overført kr 281 419 til Lindås kommune for øyeblikkelig hjelp plasser. Dette gjeld pengar som Masfjorden kommune har fått overført frå Helsedirektoratet, og som er inntektsført på andre generelle statstilskot.

Sosial og barnevern: Budsjettmessig mindreforbruk på kr 382 717. Økonomisk sosialhjelp har eit meirforbruk på kr 97 057. Masfjorden kommune har og betalt ut kr 800 000 i bustadtilskot. Dette er midlar som kjem frå Husbanken, og er inntektsført på andre generelle statstilskot. Støttekontakt har eit mindreforbruk på kr 434 269, og skuldast i stor grad at brukarar har fått tilbod i bu- og avlastingstenesta.

Pleie og omsorg: Budsjettmessig mindreforbruk på kr 1 367 889. Mindreforbruk på mange av tenestane. Tilskot til ressurskrevjande brukarar vert høgare enn budsjettert, og er inntektsført på Nystova og på bu- og avlastingstenesta.

Kultur: Budsjettmessig meirforbruk på kr 117 907.

Kyrkja: Budsjettmessig meirforbruk på kr 266 124. Overforbruk på rammeområdet gjeld kompensasjon for renter og avdrag som vert betalt av Masfjorden Kyrkjelege Fellestråd.

Teknisk: Budsjettmessig meirforbruk på kr 2 024 127. På kommunale utleigebygg er det utført vedlikehald og i med lavere husleigeinntekter går desse med eit budsjettmessig meirforbruk på kr 930 512.

Mange plansaker har ført til eit meirforbruk på kr 861 799. Av planar som er arbeid med i 2015 er reguleringsplan Giljane bustadfelt, Haugsværdalen, skredkartlegging Andvik, skredsikring Ådnekvam, områdeplan Hosteland sentrumsområde og områdeplan FV570 Einestrand – Nordre Kvingo.

Brannvesen har eit meirforbruk på kr 496 162.

Andre tenesteområder : Budsjettmessig meirforbruk på kr 2 322 140.

Masfjorden kommune har etter oppgåve frå pensjonsleverandør budsjettert med 2,9 mill. kr i negativt premieavvik. I løpet av 2015 har prognosane endra seg, og ved utgangen av året var dette endra til eit positivt premieavvik på kr 34 229. Amortisering av tidlegare års premieavvik er kr 785 423 over budsjettert sum. Amortisering av tidlegare års premieavvik vert dekke av avsette midlar på fond. Bruk av premieavvik i 2015 var 3,4 mill kr. Beløpet er inntektsført på dette rammeområdet, men tilsvarende sum er kostnadsført på dei andre rammeområda.

Koordinering flykningar har på dette rammeområdet ein kostnad på kr 849 537. Dette er kostnadar som vert dekke av integreringstilskot ført på andre generelle statstilskot.


På teneste for næringsutvikling er det ført kostnader i samband med reperasjon av fiberkabel, kr 1 165 997.

3.3 Balansen 2015

Balansen gjev eit oversyn over eigedelar, gjeld og eigenkapital

Tal i heile tusen	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Anleggsmidlar	232 423	244 470	254 211	271 083	288 694	317 577	345 638	357 044	376 750	390 219	415 669	430 323
Omløpsmidlar	39 743	42 009	49 572	57 785	58 573	65 925	63 235	70 326	67 512	77 196	77 085	83 841
Sum eigedelar	272 166	286 479	303 783	328 868	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 415	492 754	514 164
Kortsiktig gjeld	16 946	18 144	21 620	17 914	17 076	20 569	21 705	29 284	24 804	27 483	28 232	29 081
Langsiktig gjeld	164 265	170 818	177 787	190 922	200 124	217 251	231 532	266 540	281 107	300 560	320 073	332 138
Eigenkapital	90 955	97 517	104 376	120 032	130 067	145 682	155 636	131 546	138 351	139 012	144 448	152 945
Sum gjeld og EK	272 166	286 479	303 783	328 868	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 055	492 753	514 164

Utviklinga av anleggsmidlar frå 1991 og fram til i dag (tal i heile tusen)



Anleggsmidlar

Endring i anleggsmidlar kjem i stor grad av endringar i pensjonsmidlar i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse. Pensjonsmidlane aukar med 15,9 mill. kr i 2015.

Netto endring på aktivering og avskrivning av anlegg, utstyr og maskiner i 2015 er kr - 1 916 232. Netto endring på utlån er kr 226 087 og gjeld utlån og avdrag på startlån og lån frå kraftfondet. Aksjar og eigedelar aukar med kr 439 140 og er eigenkapitaltilskot til KLP.


Omløpsmidlar

Sum av omløpsmidlar er auka med 6,755 mill kr. Kortsiktige fordringar mot andre er auka med 4,399 mill. kr. Akkumulert premieavvik er redusert med 1,540 mill. kr, aksjar og obligasjonar er auka med 1,138 mill. kr. Kasse og bankinnskot er i 2015 auka med 2,759 mill. kr.

Eigenkapital og gjeld


Eigenkapitalen utgjer pr. 31.12.2015 i underkant av 30 % av sum eigenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld utgjer 65,0 % sum eigenkapital og gjeld og kortsiktig gjeld utgjer 5,7 % av sum eigenkapital og gjeld. Dette er tilnærma uendra frå 31.12.2014.

Fondsmidlar aukar i 2015 med 2,154 mill kr. og utgjer 52,188 mill kr.



Lånegjeld

Lånegjelda er i 2015 auka med 0,73 mill. kr.




I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforpliktelsen som har auke med 11,382 mill. kr i 2015.

Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeldsforplikting på 332 mill kr.

Arbeidskapital

Endring i arbeidskapital viser at kommunen har auka sin økonomiske handlefridom med 5,9 mill. kr i 2015. Omløpsmidlar er auka med 6,755 mill kr og kortsiktig gjeld er auka med kr 848 391.



4. UTTALE FRÅ LEIINGA OM KOMMUNEN SIN REKNESKAP 2015

Dette brevet gjeld revisjon av rekneskapen for kommunen for året som vart avslutta den 31. desember 2015 og blir sendt med det formål å kunne konkludere på om rekneskapen i det alt vesentlege gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for tilfredstillande kontroll, her under slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar for å utarbeide rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner), og meiner at rekneskapen gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss til utarbeiding av rekneskapsestimat, er rimelige.
- Vi har tatt tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse.
- Alle hendingar etter datoen for rekneskapen og som ifølgje god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Vi meiner at verknad av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samla for rekneskapen totalt sett. Ei liste over ikkje-korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligger til grunn for årsrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Bokføring


- Vi har oppfylt vår plikt til å sørge for tilfredstillande og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker,
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
 - Uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisors vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultatane av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentlig feilinformasjon som følge av misleghald.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelt misleghald eller mistanke om dette som vi er kjent med og som involverer:
 - leiinga,
 - tilsette som har ein viktig rolle i intern kontroll, eller
 - andre
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleghald eller mistanke om dette som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, folkevalde, tilsynsmynde eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av brot på lov eller forskrift eller mistanke om dette som kan ha innverknad på rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til kommunens nærstående parter og alle forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse som vi er kjent med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle skyldnader, både aktuelle og latente, og har i note til rekneskapen gitt opplysningar om kommunens garantiansvar.

Eventuelle kommentarar til kulepunktane over (ev. referanse til kommentarar i særskilt vedlegg):

Kommune: Masfjorden
 Stad: Masfjorden
 Dato: 11.4.2016


 Rådmann
 (sign)


 Økonomisjef/Rekneskapsjef
 (sign)

5. MELDING FRÅ REVISOR



Til kommunestyret i Masfjorden kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Masfjorden kommune som viser kr 141 966 519 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 717. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftarekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjøm, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, unten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Masfjorden kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Isdalste, 11.04.2016

Nordhordland Revisjon IKS

Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef